

# NYHEITSBREV - nov. 2022

*Før, under og etter pandemien: Kva for lærdom kan brukarar, spesialist- og kommunehelsetenesta ta med seg frå samhandlinga om covid-19?*

Kjære alle i styrings- og referansegruppa for prosjektet!

Her kjem ei ny kort oppdatering om framdrifta i forskingssamarbeidet knytt til covid-19 pandemien. Prosjektet vart som kjent etablert våren 2020, og er organisert i tre ulike delprosjekt. Status for arbeidet i dei tre delprosjekta kan de lese i tabellen under.

Sidan sist, har prosjektet fått ny leiar: Anne Strand Alfredsen Larsen, som disputerte ved NTNU med si avhandling om "[Healthy Hospital Projects-improving hospital projects' front-end phase](#)". Ho tok over stafettspinnen etter Berit Kvalsvik Teige i vår.

Det har også vore noko utskifting av medlemmar i forskargruppa, sjå nettsida [her](#) for oppdatert oversikt.

Forskargruppa har hatt jamlege møter om lag kvar 3.veke, i tillegg til ei fysisk dagsamling kvart halvår.

Neste møte i styrings- og referansegruppa er sett til 9.desember.

Informasjon og referat frå møte kan de lese [her](#).

## Delprosjekt 1: Samarbeidsstruktur

Prosjekttittel: *Før, under og etter covid-19. Utvikling av samarbeidsstruktur på tvers av kommuner og helseforetak og som fremmer strukturens institusjonelle legitimitet.*

Ansvarleg: Lena Bjørge Waage, spesialrådgivar HMR og Ph. D. stipendiat Høgskulen i Volda. Rettleiarar: Roar Amdam professor Høgskulen i Volda (hovudrettleiar), Jon Magnussen professor NTNU Trondheim (bi-rettleiar). I tillegg har Alf Roger Djupvik som er dosent ved Høgskulen i Volda deltatt under datainnsamling.

Artikkel	Tema	Design/metode	Status/framdrift
1	Samarbeidsstruktur før/under pandemien (2012-2021)	Hermeneutisk Dokumentstudie	Artikkelutkast under bearbeiding
2	Samarbeidsstruktur før/under pandemien (2012-2021)	Hermeneutisk, fenomenologisk Individuelle intervju	Gjennomført datainnsamling og analyse. Arbeid med artikkel
3	Samarbeidsstruktur før, under og etter pandemien (2012-2022)	Hermeneutisk fenomenologisk Individuelle intervju	Oppstart arbeid vår/haust- 23 og påfølgande

			datainnsamling, analyse og artikkelskriving
--	--	--	---

## Delprosjekt 2: Kriesamarbeid

Prosjekttittel: Kriseplanlegging og kriesamarbeid i møte med Covid-19 pandemien

Ansvarleg: Erlend Vik, førsteamanuensis Høgskolen i Molde. I tillegg deltek Tonje Hungnes førsteamanuensis ved Høgskolen i Molde, Sølve Mikal Krekvik Nerland førsteamanuensis Høgskolen i Molde.

Datainnsamlinga for prosjektet er gjennomført og består av 15 intervju med kommuneoverlegar, ordførarar og kommunedirektørar i fem kommunar i fylket, i tillegg til kommunale kriseplanar frå alle kommunar i fylket. Daniel Ingebrigtsen Thorvik skreiv masteroppgåva si i samfunnsplanlegging (Høgskulen i Volda) med utgangspunkt i det kommunale planverket som er samla inn.

Delprosjektet har etablert eit samarbeid med forskingsprosjektet POLYGOV (Crisis Management In A Polycentric Nordic Local Democracy), som skal sikre eit nettverk på tvers av ulike samfunnsvitenskaplege prosjekt som jobbar med problemstillingar knytt til krisehandtering og kriesamarbeid under pandemien.

Artikkel	Tema	Design/metode	Status/framdrift
1	Kommunelegen som premissgivar og koordinator under pandemien	Dybdeintervju	Godkjent for publisering i <a href="#">Tidsskriftet for Den Norske Legeforening</a> . (avventar publiseringsdato).
2	Beslutningsstrategiar i møte med covid-19- eit komparativt casestudie av beslutningstaking i kommunal kriseleiing	Dybdeintervju	Analyse av datamaterialet. Presentere resultat på NEON konferansen. (Sjå også meir info under 'Konferansedeltaking')

## Delprosjekt 3: Brukarmedvirkning

Prosjekttittel: Samhandlande brukarmedverkarar på systemnivå før, under og etter pandemien

Ansvarleg: Anne S.A. Larsen forskar/rådgjevar Helse Møre og Romsdal/NTNU, Elise Kvalsund Bårdsgjerde førsteamanuensis Institutt for helsevitenskap, NTNU. I tillegg deltar Marit

Kvangarses, professor NTNU og Berit Kvalsvik Teige, Ph.D/forskningsrådgjevar HMR i arbeidet med artikkelen.

Fokusgruppeintervju og individuelle intervju er gjennomførte. Dataanalysar er snart ferdigstilte, og ein har starta innleiande skrivearbeid.

Anne og Elise vil stå som hovudforfattarar på første artikkel som er under arbeid, og som etter planen vert publisert internasjonalt. Artikkelen har arbeidstittel: *Eit brukarutval si rolle i koronapandemien*.

Artikkel	Tema	Design/metode	Status/fremdrift
1	Eit brukarutval si rolle i koronapandemien	Fokusgruppeintervju og individuelle intervju	Straks ferdige med analysar av data, og har starta innleiande skriving av artikkel, som elles søkast publisert i internasjonalt tidsskrift.

Aktuelt:

#### [NEON Konferansen 22.-24.november 2022](#)

NEON-konferansen er ein årleg forskingskonferanse innanfor samfunnsvitskapeleg disiplin, der ein diskuterer tema knytte til m.a. organisasjonsstudiar, politikk og administrasjon, strategi, innovasjon og berekraft. Tema for årets konferanse er organisering og leing i usikre og konfliktfylte tider.

I samband med delprosjekt 2, har vi gjennomført eit delstudium knytt til kommunale beslutningsstrategiar og beslutningstaking i møte med covid-19, i lys av eit teoretisk rammeverk kalla Cynefin. Dette innleiande arbeidet er akseptert og skal leggst fram på NEON-konferansen i Drammen i november av Anne og Tonje, med Sølve og Erlend som medforfattarar. Vi tek del med vårt innlegg i ein sesjon med tittelen 'A new era for global safety and security- the questions we need to ask, and the answers we hope to get'. Vi ser fram til å få presentere litt av arbeidet vi har gjort, og få diskutere førebelse resultat med fagfellar på konferansen. Vi håper også å få legge fram arbeidet for styrings- og referansegruppa ved høve, og ser føre oss at arbeidet munnar ut i ein tidsskriftartikkel til slutt.

#### [Fjordkonferansen 16.-17.juni 2023](#)

Årets tema er samarbeid og forskergruppa planlegg å delta på denne konferansen med abstract og presentasjonar som kan inngå i den komande antologien.